



Helge Løland
Lønborglien 343
5039 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1192 - 17/22325

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
29.08.2017

Utsleppsløyve for fritidsbustad - gbnr 11/74 Hølleland

Administrativt vedtak. Saknr: 389/17

Tiltakshavar: Helge Løland
Ansvarleg søker: Hjelmås VVS AS
Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr 11/74 på Hølleland. I samsvar med søknaden skal utsleppet frå eigedomen reinsast i slamavskiljar før utsleppet vert ført i tett leidning til sjø.

Utsleppsdjupna er oppgitt til minst 15 meter under fjære sjø.

Det skal installerast vassklosett. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert vist til søknad mottatt 06.04.2017.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i Kommuneplan 2011-2023 sin arealdel er definert som byggeområde for fritidsbustadar.

Det er i vedtak datert 29.08.2017, administrativt vedtak saknr 366/17, gitt dispensasjon frå kommuneplanen sine bestemmelsar i punkt 1.1, plankravet, og regulert byggjegrense mot sjø for etablering av avlaupsanlegg på eigedomen.

Nabovarsel

Titlaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

Plassering



Plassering og utsleppsstad er vist på situasjonsplan mottatt 06.04.2017.

Reinseløysing

Utsleppet frå eigedomane skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Privatrettslege tilhøve

Tiltaket skal plasserast på tiltakshavar sin eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege avtalar.

Drift og vedlikehald

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømmast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf forureiningsforskrifta § 12-13. Eigedommen skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga.

Naturmangfaldlova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VURDERING

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik den ligg føre med utslepp til sjø via slamavskiljar. Reiseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område. Kommunen legg til grunn at anlegget kan inngå i den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår.

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr 11/74 på følgjande vilkår:

- **Utsleppet frå eigedommen skal reinsast i slamavskiljar, av godkjend type, før utsleppet vert ført i tett leidning til sjø slik vist i søknaden.**
- **Utsleppsløyvet gjeld for 5 pe.**
- **Slamtømming skal skje innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.**
- **Det skal betalast slangebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.**
- **Eigedommen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slik vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1192

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hjelmås Vvs AS

Leknesvegen 183 5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Helge Løland

Lønborglien 343 5039

BERGEN